

Nytt framlegg frå Sogn og Fjordane til resolusjonsframlegg 7. Dette framlegget har og teke med hovudpunkta frå det reviderte framlegget frå førebels redaksjonskomite. Under Vestlandskonferansen den 8. og 9. mai slutta både Rogaland og Hordaland fylkeseldreråd seg til dette framlegget.

## **Styrk helsefag- og sjukepleiarutdanninga og prioriter helsearbeidet i kommunane!**

*Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd ber om at det straks vert sett i gang tiltak frå sentrale og lokale styresmakter for å styrke helsefagutdanninga og helsearbeidet i landet vårt. Alt no er det stor mangel på både sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, dette samtidig som talet på eldre og andre pleietrengande aukar. Skal dei som treng det få hjelp av kompetent personale no og i framtida, er her inga tid å miste.*

### Bakgrunn:

Vi vert gjennom media mest dagleg, orienterte om at sjukeheimar og omsorgsbustadar i det ganske land, manglar nok og kvalifisert personale til forsvarleg å utføre det stell og dei oppgåvene som er lovpålagde. Ser vi på tal frå 2018 manglar vi 5900 sjukepleiarar. Sjukepleiarforbundet kallar det ei «varsla krise». Mangelen er og stor på helsefagarbeidarar, og her er eit av dei kritiske punkta mange stadar vanskane med å finne læreplassar til dei som ynskjer det.

Samhandlingsreforma har ført med seg at kommunane må ta i mot fleire, sjukare og meir ressurskrevande pasientar enn tidlegare. Samtidig veks talet på eldre som treng sjukeheimplass i samfunnet vårt. Ventelistene på sjukeheimplassar er uakseptabelt lange.

Stortingsmeldinga «Leve hele livet» set større krav til m.a. oppfølginga av demente. Ut frå handlingsprogrammet til Pensjonistforbundet kan ein lese at i demensomsorga må det tilsetjast fagfolk med andre perspektiv enn sjukdomshandsaming, stell og medisinbruk. Her treng ein aktivitetørrar, fysioterapeutar, ergoterapeutar, psykologar og ernæringsfysiologar. Dette og utfrå at det i dag er fleire yngre og fysisk aktive personar med ein demensdiagnose.

Med dette som bakgrunn må det leggest til rette for at alle som ynskjer å ta ei helsefagleg utdanning får høve til å gjere det. Det må opprettast fleire studie- og praksisplassar! Arbeidsgjevar må og syte for at arbeidsmiljøet og arbeidsvilkåra på dei ulike institusjonane er så attraktive at dei som arbeider der ynskjer halde fram og at nytt kvalifisert personale kjem til.

Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd ber om at sentrale- og kommunale styresmakter tek tak i utfordringane, ser på og gjer noko med prioriteringane i utdanningssystemet og helsevesenet.